

**SAKSFRAMLEGG****Høyring - søknad om planendring til gjeldande konsesjon for utbygging av Vesleåe**

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Samfunn- og miljøutvalget	24/20	22.04.2020

Behandling i Samfunn- og miljøutvalget – 22.04.2020:

Bjørn Helge Bjørnsen rådgiver miljøvern, orienterte kort om saken.

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i Samfunn- og miljøutvalget – 22.04.2020

Vedtaket som kommunestyret gjorde 02.05.13, oversendt NVE 14.05.13 står framleis ved lag. Søknaden frå Vesla kraftverk AS, om endringar i konsesjonen for Vesleåe, inneheld ikkje vesentlege nye opplysningar. Kraftstasjonen bør difor plasserast på kote 675.

Rådmannens innstilling:

Vedtaket som kommunestyret gjorde 02.05.13, oversendt NVE 14.05.13 står framleis ved lag. Søknaden frå Vesla kraftverk AS, om endringar i konsesjonen for Vesleåe, inneheld ikkje vesentlege nye opplysningar. Kraftstasjonen bør difor plasserast på kote 675.

Innleiing:

NVE sende 25.02.20 ut på høyring søknad frå Vesla kraftverk AS om endring av konsesjon for Vesleåe (jf. vedlegg). Høyringsfristen er forlenga til 22.04.20.

I 2013 gav kommunestyret høyringsuttale til konsesjonssøknaden, medan no vert endringsforslaget lagt fram for samfunns- og miljøutvalet (SMU). Bakgrunnen for dette er at 29.10.15 vedtok kommunestyret reglement for politiske organ i Tinn kommune, der SMU er tillagt ansvaret for å ivareta kommunen sine oppgåver og interesser som fylgjer av vassressurslova.

Kommunestyret i Tinn handsama den opphavlege konsesjonssøknaden for Vesleåe i møte 02.05.13 (K-sak 26/13), saman med konsesjonssøknadar for 4 andre småkraftverk, som NVE hadde sendt ut på høyring samla. Kommunestyret hadde ein grundig handsaming av desse søknadane og vurderte konsekvensane av kvar utbygging, samstundes vart tiltaka vurdert

samla. På det grunnlag vart det tilrådd å gje konsesjon for 3 av kraftverka og tilrådd avslag for 2. For å få god oversikt bør ein lesa vedtak og saksframstilling frå 2013.

For Vesleåe vedtok kommunestyret då fylgjande samrøystes uttale:

Tinn kommune går imot utbygging av Vesleåe. Ein legg her avgjerande vekt på omsynet til dei som bur i området. Dette er ei lita grend som har nærleiken til natur som ein av sine viktigaste kvalitetar. Vesleåe har stor verdi for grenda både som landskapselement, badeplass og for fiske. Og er viktig for at det skal oppretthaldast fast busetnad i området.

Eit utbyggingsalternativ med kraftstasjonen flytta opp til kote 675 moh ville gje vesentleg mindre ulemper for dei som bur i grenda.

Fakta:

I utsendingsbrevet for høyringa har NVE kome med fylgjande utgreiing:

Statskog SF fikk ved vedtak fra NVE den 19.12.2013 tillatelse til bygging av Vesleåe kraftverk. Frist for oppstart av byggearbeid var fem år. NVE har i vedtak av 16.11.2018 gitt utsatt frist for oppstart av byggearbeid til 19.12.2023. Konsesjonen ble som nevnt gitt til Statskog SF, men den er senere overlatt til selskapet Vesla Kraft AS v/Einar Sofienlund som skal stå for bygging og drift av kraftverket som nå har fått navnet Vesla kraftverk. I konsesjonen er det satt krav om inntak på kote 922 og kraftstasjon på kote 675. Det var opprinnelig søkt om plassering på kote 510, men i konsesjonen ble denne trukket oppover i elva. Det er satt krav om minstevannføring på 40 l/s om sommeren og 30 l/s om vinteren. Som del av utviklingen av prosjektet NVE har mottatt en søknad fra Vesla Kraft AS om tillatelse til endret plassering av godkjent plassering av kraftstasjonen. Det er foreslått to alternativer, henholdsvis kote 650 og kote 628. Dette vil gi noe høyere produksjon og noe lavere utbyggingskostnad målt i kr/kWh. Krav til minstevannføring er ikke foreslått endret.

Vesla kraftverk utarbeida søknad til NVE om endring av konsesjon 22.11.19 (jf. vedlegg). Denne søknaden bygger på søknaden som vart nytta i 2013, det er ikkje utarbeida nye fagrapportar.

Nokre parameterar vist for dei tre alternative inntakshøgdenes som er omtalt i søknaden:

	Kote 675	Kote 650	Kote 628
Auke i berørt elvestrekning	0 m	280 m	450 m
Produksjon (GWh)	5,7	6,3	7,0
Spesifikk byggje kost. (kr/kWh)	5,04	4,71	4,45
Utbyggingskostnad (mill kr)	28,5	29,5	31,2

Vesla kraftverk ynskjer å bidra lokalt ved å oppruste/vedlikehalde vegen som går oppover langs Vesleåe. Dei meiner at ei forlenging av utbygd strekning til kote 628 ikkje vil bli mykje synleg frå den lokale grendevegen.

Statskog SF eig heile fallet som kan utnyttast i Vesleåe, Det er ingen lokale eigarar av fallrett og det vert difor ingen lokale leigeinntekter. Dersom Vesla kraftverk vert bygd vil kommunen ha krav på eigedomsskatt. Reglane for eigedomsskatt er annleis for småkraftvert (konsesjon etter vassressurslova) enn for dei store kraftverka i kommunen, og eigedomsskatten vert vesentleg lågare. Konsesjon etter vassressurslova gjev ikkje kommunen rett til konsesjonsavgift, konsesjonskraft eller naturressursskatt som frå kraftverk med konsesjon etter vassdragsreguleringslova.

Utbyggingskostnaden er rekna til omlag 30 mill. kr. Ein god del av dette går til innkjøp av kraftverksinstallasjonar, men ein vesentleg del er anleggsoppdrag som lokale entreprenørar truleg kan vera med å konkurrera om. I driftsfasen vert det noko tilsyn og oppfølging av eit eventuelt Vesla kraftverk. Om dette vil gje lokale oppdrag er ikkje avklara.

Vurdering:

Søknaden frå Vesla kraftverk AS av 22.11.19 byggjer på den same fagrapporten som søknaden som kommunen handsama i 2013. Dette vart såleis teke omsyn til i vurderingane som vart gjort då. Alternativet med kraftstasjon på kote 675 kom fram etter synfaring og grundige avvegingar mellom kraftproduksjon og ulemper. Vurderingane som no vert lagt fram om kraftverk på kote 650, alternativt på kote 628 bringar lite nytt i høve til vurderingane som vart gjort i 2013. I samband med høyringa i 2013 kom det fram motstand frå fleire av dei som bur eller har småbruk nær Vesleåe og har slektstilknytting hit. Dette var vesentleg då kommunestyret vurderte konsesjonssøknaden. Også ved utvidinga av utbygd strekning som det er søkt om no vert dei same interessene påverka, forlenging med opptil 450 m er i så måte ei vesentleg endring. Med den største forlenginga vil det gje ein reduksjon på omlag 10 % i spesifikk utbyggingskostnad. Spørsmålet vert då om denne gevinsten veg opp for dei auka ulempene.

Eit usikkert anslag for eigedomsskatten til Tinn kommune kan vera omlag 150.000 kr/år, som vert redusert over tid i samsvar med nedskrivinga av verdien av anlegget. Dersom eit lokalt firma får heile eller delar av oppdraget med utbygginga er dette verdfult. Det kan verta nokon lokale oppdrag i driftsfasen, men dette er usikkert. Det vert ingen lokale inntekter frå utleige av fallrettar. Då Statskog SF avgjorde at dei ikkje vil byggja ut Vesleåe overdrog dei konsesjonen til ein utanbygds aktør. Utbygging av vasskraft har ei negativt økonomisk side ved verdien av vassdraget som grunnlag for utmarksnæring og turisme vert redusert. Dette vart det og vist til i kommunestyret sitt vedtak 02.05.13.

Konklusjon:

Det er grunnlag for å oppretthalda tidlegare vedtak i kommunestyret i Tinn (jf. K-sak 26/13).